

MØTEPROTOKOLL

Utval: Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Kommunetunet
Møtedato: 27.03.2017 **Tid:** kl.15:00 - 17:50

Innkalling til møtet vart gjort i 20.03.2017 samsvar med § 32 i kommunelova.
Saklista vart gjort tilgjengeleg elektronisk 22.03.2017
Møtet vart kunngjort på heimesida.

Desse medlemene møtte:	Parti		
Eirin Bergheim			
Gudleik Østerbø			
Wenche Holmefjord			
Agnete Digranes Årvik	Ap		
Åse Margrethe Hegre Riise	Ap		
Arne Holmefjord	Frp		
Forfall	Parti	Møtande varamedlemmer	Parti
Svein Lang	Sp	Vararepresentant var forsøkt kalla inn, men ingen kunne møta på kort varse	

Inhabilitet:

Eirin Bergheim var inhabil i sak nr 24/17 og sak 25/17. Toralv Huse, Krf, møtte som vararepresentant.

Andre som møtte:

Ansvarleg sekretær Gunn Sissel Teigen

Merknader til innkalling og sakliste:

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste. Det var ingen merknader til at ekstrasakene 21/17, 22/17 og 23/17 vart handsama.

Leiar Eirin Bergheim leia møtet.

Evt. merknader til prtotokollen må sendast Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen 31.03.2017

Eirin Bergheim
Leiar

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Sakliste

Sak nr.	Tittel
014/2017	Godkjenning av møteprotokoll
015/2017	Prosjektrapportering formannskapet - rapport pr 16.3.17
016/2017	Statusmelding Kommunedelplan for kultur
017/2017	Universell utforming og tilgjenge til røystelokala
018/2017	Skriv, meldingar og open post - 27.03.2017
019/2017	Eldredagen 2017 - planlegging i møtet 27.03.2017
020/2017	Skriv og meldingar
021/2017	Kartlegging og verdisetjing av lokale friluftsområde
022/2017	Høyring og offentleg ettersyn - Detaljregulering for Selsvika bustadfelt - Dallandsvegen
023/2017	Høyring og offentleg ettersyn - Detaljregulering for Selvågen hyttefelt
024/2017	Ombygging av rehabiliteringsavdelinga på FBBS
025/2017	Høyring - framlegg til kommunal forskrift i Fusa for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad. Kriterium og venteliste.

014/2017: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå møtet 30.01.2017 vert godkjent.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 27.03.2017:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

RAAD- 014/2017 Vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 30.01.2017 vert godkjent.

015/2017: Prosjektrapportering formannskapet - rapport pr 16.3.17

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektrapporten vert teken til etterretning.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 27.03.2017:

Handsaming:

Følgjande felles framlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:

Prosjekt 240

Senior- og funksjonsrådet minner om at vi involveres i god tid = så tidleg som råd, for å kunne påvirke.

Prosjekt 1712 og 1713:

Senior- og funksjonsrådet vil tidleg inn i prosjektene for å kartlegge behov for universell utforming.

Saka elles vart samrøystes teke til etterretning.

RAAD- 015/2017 Vedtak:

Prosjekt 240

Senior- og funksjonsrådet minner om at vi involveres i god tid = så tidleg som råd, for å kunne påvirke.

Prosjekt 1712 og 1713:

Senior- og funksjonsrådet vil tidleg inn i prosjektene for å kartlegge behov for universell utforming.

Saka elles vart samrøystes teke til etterretning.

Ungdomsrådet 27.03.2017:

Handsaming:

Ungdomsrådet tek saka samrøystes til etterretning.

UNG- 022/2017 Vedtak:

Ungdomsrådet tok saka til etterretning.

016/2017: Statusmelding Kommunedelplan for kultur

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teke til etterretning.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 27.03.2017:

Handsaming:

Følgjande felles framlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:
Senior- og funksjonsrådet vil vere med i prosjektgruppa/arbeidsgrupper, gjerne også saman med ungdomsrådet. Dette pga. å kunna dekkja kulturelle behov for ungdommar/barn med nedsett funksjonsevne.

RAAD- 016/2017 Vedtak:

Senior- og funksjonsrådet vil vere med i prosjektgruppa/arbeidsgrupper, gjerne også saman med ungdomsrådet. Dette pga. å kunna dekkja kulturelle behov for ungdommar/barn med nedsett funksjonsevne.

Ungdomsrådet 27.03.2017:

Handsaming:

Ungdomsrådet gjekk samrøstes inn for å sjå arbeidet med Handlingsplan for ungdomsrådet og Kommunedelplan for kultur i samanheng. Rådet har vald tema for rullering av Handlingsplan for ungdomsrådet som er relevante for kulturplanen. I tillegg planlegg ungdomsrådet i starten av mai ei synfaring til ungdomssenter i Nordhordland som ein lekk i det samordna planarbeidet.

UNG- 018/2017 Vedtak:

Ungdomsrådet ønskjer å sjå arbeidet med Handlingsplan for ungdomsrådet og Kommunedelplan for kultur i samanheng. Rådet har vald tema for rullering av Handlingsplan for ungdomsrådet som er relevante for kulturplanen. I tillegg planlegg ungdomsrådet i starten av mai ei synfaring til ungdomssenter i Nordhordland som ein lekk i planarbeidet.

017/2017: Universell utforming og tilgjenge til røystelokala**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram for senior- og funksjonsrådet for evt. uttale om vallokala.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 27.03.2017:**Handsaming:**

Følgjande felles framlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke: Senior- og funksjonsrådet er einig med valstyret ang. at ungdomsskulen er ueigna til vallokalet. Vi meiner samfunnshuset, med ekstra belysning, er eit godt val.

RAAD- 017/2017 Vedtak:

Senior- og funksjonsrådet er einig med valstyret ang. at ungdomsskulen er ueigna til vallokalet. Vi meiner samfunnshuset, med ekstra belysning, er eit godt val.

018/2017: Skriv, meldingar og open post - 27.03.2017**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram til handsaming.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 27.03.2017:**Handsaming:****"Ønsker dere kurs eller foredrag i velferdsteknologi**

Pensjonistforbundet ønsker å hjelpe eldrerådene til å bli enda bedre. Vi inviterer oss derfor til

å komme til dere for å holde foredrag eller kurs i velferdsteknologiens muligheter høsten 2017. Vi dekker våre egne utgifter, og tar ikke honorar. " Utdrag frå tilbod frå Pensjonistforbundet om gratis kurs/foredrag i velferdsteknologi. Skrivet var distribuert ut før møtet.

Svar av 27.04.2017 frå einingsleiar Anne Skagseth vart delt ut i møtet:

"Beklagar veldig manglande svar. Så mye hastearbeid for tida.

Kommunepsykologstilling har vi fått tilskot til for å driva :

Tiltaket heiter: Kommunepsykolog

Mål med tiltaket: Vi gjev lavterskel tilbod /behandling av lettare psykisk plagar/lidingar og har fokus på psykisk helse i førebyggjande arbeid og knytt til folkehelsearbeid

Målgruppe for tiltaket:

1. Befolkninga i Fusa gjennom Folkehelsearbeid og anna planarbeid
2. Samarbeidande personell i organisasjonen
3. Barn, unge, vaksne og familiar i lavterskeltiltak
4. Barn som pårørande
5. Einslege mindreårige flyktingar

Psykologens arbeidsoppgåver er omfatta av:

- System og samfunnsretta arbeid ca 10%
- Rettleiing/fagstøtte til anna personell i kommunen i grupper eller enkeltvis, ca 30%
- Helsefremjande /førebyggjande grupper på helsestasjon, i barnehage, grunn- og vidaregåande skule, ca 30%
- Utredning, diagnostisering og behandling/oppfølging barn, unge og vaksne, ca 30%

Då psykologen vi har tilsett er heilt nyutdanna, valde ein å la vedkommande starta i eit tett samarbeid med helsestasjon og tverrfagleg team, der søknadar skulle handsamast. Det vil sei at

Barn og unge i all hovedsak er blitt prioritert dette første året .

Håpar dette var klargjerande. "

Vedk. markering av parkeringsplassar frå rørsleheimma:

Har ikkje noko meir svar enn det som er referert i saka.

Følgjande felles framlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:

Senior- og funksjonsrådet tar saka til orientering, men etterlyser framleis merking av parkeringsplassar slik lovverket krev.

Kurs/foredrag i velferdsteknologi

Fusa ønskjer absolutt foredrag om dette tema. Senior- og funksjonsrådet seier det er viktig å ta dette tema opp slik at vi blir orientert om Fusa kommune si satsing på dette området.

Korleis er status i Fusa?

RAAD- 018/2017 Vedtak:

Senior- og funksjonsrådet tar saka til orientering, men etterlyser framleis merking av parkeringsplassar slik lovverket krev.

Kurs/foredrag i velferdsteknologi

Fusa ønskjer absolutt foredrag om dette tema. Senior- og funksjonsrådet seier det er viktig å ta dette tema opp slik at vi blir orientert om Fusa kommune si satsing på dette området. Korleis er status i Fusa?

019/2017: Eldredagen 2017 - planlegging i møtet 27.03.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til handsaming

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 27.03.2017:

Handsaming:

Følgjande felles framlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:

Eldredagen 2017 på Holmefjord, 1. okt.

I 2017 vil senior- og funksjonsrådet samarbeide med senioruniversitetet som i 2016.

Vi vil også sørge for at pasientar på FBBS får tilbud om kulturelt innslag denne dagen.

Vi oppretter ei arbeidsgruppe i lag med senioruniversitetet.

Eirin kontakter Eli Dalland for å sette i gang gruppa.

Eirin, Åse Margrethe og Arne representerer senior- og funksjonsrådet.

RAAD- 019/2017 Vedtak:

Eldredagen 2017 på Holmefjord, 1. okt.

I 2017 vil senior- og funksjonsrådet samarbeide med senioruniversitetet som i 2016.

Vi vil også sørge for at pasientar på FBBS får tilbud om kulturelt innslag denne dagen.

Vi oppretter ei arbeidsgruppe i lag med senioruniversitetet.

Eirin kontakter Eli Dalland for å sette i gang gruppa.

Eirin, Åse Margrethe og Arne representerer senior- og funksjonsrådet.

020/2017: Skriv og meldingar

Skriv og meldingar vert teke til etterretning.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 27.03.2017:

Handsaming:

Følgjande felles framlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:
Senior- og funksjonsrådet stiller seg positiv til ei ny felles nyttårsfeiring.
Feiringa i 2016 var så vellukka at me håper den er komen for å bli.
Skriv og meldingar vert elles teke orientering.

RAAD- 020/2017 Vedtak:

Senior- og funksjonsrådet stiller seg positiv til ei ny felles nyttårsfeiring.
Feiringa i 2016 var så vellukka at me håper den er komen for å bli.
Skriv og meldingar vert elles teke orientering

021/2017: Kartlegging og verdisetjing av lokale friluftsområde

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune skal gjennomføra ei kartlegging og verdisetjing av friluftsområda i Fusa i 2017. Fusa kommune kjøper tenester frå Bergen og omland friluftsråd til prosjektleiing og kartarbeid som blir finansiert gjennom tilskot frå Hordaland fylkeskommune.

Målet er å kartleggja og verdsetja alle friluftslivsområde i kommunen, og gjennom dette prosjektet bidra til å ivareta friluftslivet sine arealinteresser og sikra at vi i framtida kan driva helsefremjande og trivselsskapande friluftsliv i nærmiljø og naturen elles.

Utval for plan og miljø 30.03.2017:

Handsaming:

Uttaler frå ungdomsrådet og senior- og funksjonsrådet vart lagt fram i møtet.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

UPM- 031/2017 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune skal gjennomføra ei kartlegging og verdisetjing av friluftsområda i Fusa i 2017. Fusa kommune kjøper tenester frå Bergen og omland friluftsråd til prosjektleiing og kartarbeid som blir finansiert gjennom tilskot frå Hordaland fylkeskommune.

Målet er å kartleggja og verdsetja alle friluftslivsområde i kommunen, og gjennom dette prosjektet bidra til å ivareta friluftslivet sine arealinteresser og sikra at vi i framtida kan driva helsefremjande og trivselsskapande friluftsliv i nærmiljø og naturen elles.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 27.03.2017:

Handsaming:

Følgjande felles framlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke: Senior- og funksjonsrådet vil bli med i arbeidet for dette prosjektet, for å bidra med å planlegge universell utforming slik at personar med nedsett funksjonsevne, men også barnevogner, også kan ha glede av dei flotte friluftsområda i Fusa.

RAAD- 021/2017 Vedtak:

Senior- og funksjonsrådet vil bli med i arbeidet for dette prosjektet, for å bidra med å planlegge universell utforming slik at personar med nedsett funksjonsevne, men også barnevogner, også kan ha glede av dei flotte friluftsområda i Fusa.

Ungdomsrådet 27.03.2017:

Handsaming:

Ungdomsrådet tek saka samrøystes til etterretning.

UNG- 019/2017 Vedtak:

Ungdomsrådet tok saka til etterretning.

022/2017: Høyring og offentleg ettersyn - Detaljregulering for Selsvika bustadfelt - Dallandsvegen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune legg detaljregulering for Selsvika bustadfelt, datert 20.03.2017 med plan-id 1241201605, ut på høyring og til offentleg ettersyn.

Høyringsfrist er sett til seks veker.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-10 og 12-11.

Utval for plan og miljø 30.03.2017:

Handsaming:

Uttaler frå ungdomsrådet og senior- og funksjonrådet vart lagt fram i møtet.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

UPM- 030/2017 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune legg detaljregulering for Selsvika bustadfelt, datert 20.03.2017 med plan-id 1241201605, ut på høyring og til offentleg ettersyn.

Høyringsfrist er sett til seks veker.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-10 og 12-11.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 27.03.2017:

Handsaming:

Følgjande felles framlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:
Senior- og funksjonsrådet tek saka til orientering.

RAAD- 022/2017 Vedtak:

Senior- og funksjonsrådet tek saka til orientering.

Ungdomsrådet 27.03.2017:

Handsaming:

Ungdomsrådet tek saka samrøystes til etterretning.

UNG- 020/2017 Vedtak:

Ungdomsrådet tok saka til etterretning.

023/2017: Høyring og offentleg ettersyn - Detaljregulering for Selvågen hyttefelt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune legg detaljregulering for Selvågen hyttefelt ut på høyring og til offentleg ettersyn med endring i føresegn 2.3.1:

«2.3.1. Naust skal oppførast innanfor byggegrensene og i rekker på 3 + 2. Kwart naust kan ha ei BYA inntil 30 m2 og ha mønehøgde inntil 5 meter. Nausta kan nyttast som fellesnaust.»

Høyringsfrist er seks veker.

Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11.

Utval for plan og miljø 30.03.2017:

Handsaming:

Uttaler frå ungdomsrådet og senior- og funksjonrådet vart lagt fram i møtet.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

UPM- 029/2017 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune legg detaljregulering for Selvågen hyttefelt ut på høyring og til offentleg ettersyn med endring i føresegn 2.3.1:

«2.3.1. Naust skal oppførast innanfor byggegrensene og i rekker på 3 + 2. Kwart naust kan ha ei BYA inntil 30 m2 og ha mønehøgde inntil 5 meter. Nausta kan nyttast som fellesnaust.»

Høyringsfrist er seks veker.

Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 27.03.2017:

Handsaming:

Følgjande felles framlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:
Senior- og funksjonsrådet forventar at det er teke hensyn til universell utforming.

RAAD- 023/2017 Vedtak:

Senior- og funksjonsrådet forventar at det er teke hensyn til universell utforming.

Ungdomsrådet 27.03.2017:

Handsaming:

Ungdomsrådet tek saka samrøystes til etterretning.

UNG- 021/2017 Vedtak:

Ungdomsrådet tok saka til etterretning.

024/2017: Ombygging av rehabiliteringsavdelinga på FBBS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rehabiliteringsavdelinga på Fusa bu- og behandlingssenter vert oppgradert og bygd om i tråd med saksframstillinga.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 27.03.2017:

Handsaming:

Eirin Bergheim er tilsett i Fusa kommune og arbeider som gruppeleiar på FBBS (sjukeheimen) Ho spurde derfor om ho var inhabil og ga uttrykk for at ho rekna seg som det. Ho gjekk frå, og Toralv Huse, Krf, tok plass som vararepresentant. Eirin Bergheim vart samrøystes kjend inhabil. Jf. kommunelova § 40 nr 3 og forvaltningslova §6 2. ledd.

Følgjande felles framlegg fremja av Arne Holmefjord vart samrøystes vedteke: Senior- og funksjonsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

RAAD- 024/2017 Vedtak:

Senior- og funksjonsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

025/2017: Høyring - framlegg til kommunal forskrift i Fusa for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad. Kriterium og venteliste.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til forskrift vert lagt ut på høyring med fire vekers frist i tråd med saksframstillinga.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 27.03.2017:

Handsaming:

Eirin Bergheim er tilsett i Fusa kommune og arbeider som gruppeleiar på FBBS (sjukeheimen) Ho spurde derfor om ho var inhabil og ga uttrykk for at ho rekna seg som det. Ho gjekk frå, og Toralv Huse, Krf, tok plass som vararepresentant.

Eirin Bergheim vart samrøystes kjend inhabil.

Jf. kommunelova § 40 nr 3 og forvaltningslova §6 2. ledd.

Følgjande felles framlegg fremja av Arne Holmefjord vart samrøystes vedteke:

Senior- og funksjonsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

RAAD- 025/2017 Vedtak:

Senior- og funksjonsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.